

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA-F39	22/235

Saknr	Utval	Type	Dato
003/2022	Administrasjonsutvalet	PS	29.03.2022
034/2022	Formannskapet	PS	29.03.2022

Busetting av flytningar - Ukraina

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune vil busette 50 flytningar frå Ukraina i 2022
2. Det vert oppretta eiga stilling som flytningkonsulent i minimum 50% , stillinga kan vurderast i samarbeid med nabokommunar.
3. Det vert oppretta ei tverrfagleg arbeidsgruppe bestående av representantar innan område, helse, oppvekst, administrasjon, kultur og NAV som skal bidra i busettingsprosessen.
4. Unytta midlar integreringstilskot vert sett til disposisjon til førebuing av mottak flytningar, samt til utstyr og nødvendig inventar i kommunen sine egne utleigebustadar
5. Kommunen har pr. dato ein del ledige utleigebustadar, primært Sandnes, som ein legg til grunn å nytte i første omgang. Deretter vil ein prioritere å nytte ledige kommunale utleigebustadar på Matre og Hosteland
6. Rådmann får mynde til å avgjere kor i kommunen det er best mogleg å leggje til rette for mottak av flytningar, ut i frå ei heilskapsvurdering.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Ny oppmoding 2022 - Masfjorden kommune

Mange menneske har flykta frå Ukraina sidan Russland sin invasjon i februar i år. Dette er den største massefluktsituasjonen Europa har sett sidan den andre verdskrigen. UNHCR bereknar at 12 millionar menneske vil trenge naudhjelp og beskyttelse internt i Ukraina, medan meir enn 4 millionar kan bli drivne på flukt frå Ukraina innan kort tid.

Dei humanitære følgene er dramatiske i Ukraina og i nabolanda. Dei store flyktingstraumane ut av Ukraina legg betydeleg press på landa omkring. Desse har fått skryt frå FN for å ha stilt opp med ein rask og effektiv beredskap for mottak av flyktingane. Samstundes er dei heilt avhengige av at resten av Europa medverkar.

Høyring



IMDi
Integrerings- og
mangfoldsdirektoratet

Kartlegging av kapasitet og tilgjengelighet for rask bosetting av flyktninger

Denne undersøkelsen skal formidles til kommunedirektør/ byrådsleder så snart som mulig.

IMDi viser til brevet sendt til din kommune ved ordfører/ kommunedirektør/ byrådsleder i dag med informasjon om håndtering av bosetting av ukrainere.

I brevet varslet vi om behovet for en vurdering av bosettings- og tjenestekapasitet blant alle kommuner, gitt den nye situasjonen med økt behov for bosetting som følge av situasjonen i Ukraina og økte ankomster av ukrainere. Dette vil sikre bedre oversikt over mulig kapasitet for bosetting i kommunene. I denne henvendelsen ber vi din kommune gi en tilbakemelding på mulig kapasitet og rask tilgjengelighet på bosettingsplasser.

Deres tilbakemelding vil være svært viktig for det videre arbeidet med kartlegging av kapasitet for bosetting av flyktninger i kommunene.

Skriv av 4.mars med svarfrist 10.mars

Uttale

Hvor raskt kan disse plassene gjøres tilgjengelige for bosetting i 2022? Vennligst estimer totalt antall tilgjengelige plasser per måned i 2022.

20 - 25 personar i april

20 - 25 personar i mai

Fakta

Masfjorden kommune fekk i skriv av 18.3.22 frå IMDi (integrerings- og mangfoldsdirektoratet) oppfordring om å busette til saman 50 flyktningar i 2022. IMDi ber om raskt svar, og stadfesting seinast innan 31.3.2022 – og det er lagt opp til politisk vedtak. Saka vert lagt fram for endeleg vedtak i formannskapet 29.3.22.

Vurdering

Masfjorden kommune er positiv til å ta imot flyktningar frå Ukraina. Leiinga har vurdert at kommunen i første runde har kapasitet til å ta imot 50 personar. Talet er basert på tidlegare erfaringar med mottak av flyktningar.

Vi treng ein ressurs som koordinerer arbeidet med flyktningane, samt at vi må sette ned ei tverrfagleg arbeidsgruppe.

Vi har att litt midlar fond frå tidlegare mottak, som vert stilt til disposisjon for innkjøp, førebuingarbeid m.m. for dette mottaket. Alt vert ført med prosjekt, og reknar med at staten dekkjer kostnadene med tilbodet. Framleis mykje uavklart, og i denne omgang handlar det berre å stadfeste tal mottak frå kommunen si side.

Konklusjon

Masfjorden kommune vil busette 50 flyktningar frå Ukraina i 2022

Det vert oppretta eiga stilling som flyktningkonsulent i minimum 50% , stillinga kan vurderast i samarbeid med nabokommunar.

Det vert oppretta ei tverrfagleg arbeidsgruppe beståande av representantar innan områda, helse, oppvekst, administrasjon, kultur og NAV som skal bidra i busettingsprosessen.

Unytta midlar integreringstilskot vert sett til disposisjon til førebuing av mottak flyktningar, samt til utstyr og nødvendig inventar i kommunen sine egne utleigebustadar

Kommunen har pr. dato ein del ledige utleigebustadar, primært Sandnes, som ein legg til grunn å nytte i første omgang.

Rådmann får mynde til å avgjere kor i kommunen det er best mogleg å leggje til rette for mottak av flyktningar, ut i frå ei heilskapsvurdering.

Administrasjonsutvalet - 003/2022

AU - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til formannskapet.

AU - vedtak:

1. **Masfjorden kommune vil busette 50 flyktningar frå Ukraina i 2022**
2. **Det vert oppretta eiga stilling som flyktningkonsulent i minimum 50% , stillinga kan vurderast i samarbeid med nabokommunar.**
3. **Det vert oppretta ei tverrfagleg arbeidsgruppe beståande av representantar innan områda, helse, oppvekst, administrasjon, kultur og NAV som skal bidra i busettingsprosessen.**
4. **Unytta midlar integreringstilskot vert sett til disposisjon til førebuing av mottak flyktningar, samt til utstyr og nødvendig inventar i kommunen sine egne utleigebustadar**
5. **Kommunen har pr. dato ein del ledige utleigebustadar, primært Sandnes, som ein legg til grunn å nytte i første omgang. Deretter vil ein prioritere å nytte ledige kommunale utleigebustadar på Matre og Hosteland**
6. **Rådmann får mynde til å avgjere kor i kommunen det er best mogleg å leggje til rette for mottak av flyktningar, ut i frå ei heilskapsvurdering.**

Formannskapet - 034/2022

FS - behandling:

Framlegg til vedtak frå Administrasjonsutvalet vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

- 1. Masfjorden kommune vil busette 50 flyktingar frå Ukraina i 2022**
- 2. Det vert oppretta eiga stilling som flyktingkonsulent i minimum 50% , stillinga kan vurderast i samarbeid med nabokommunar.**
- 3. Det vert oppretta ei tverrfagleg arbeidsgruppe beståande av representantar innan områda, helse, oppvekst, administrasjon, kultur og NAV som skal bidra i busettingsprosessen.**
- 4. Unytta midlar integreringstilskot vert sett til disposisjon til førebuing av mottak flyktingar, samt til utstyr og nødvendig inventar i kommunen sine eigne utleigebustadar**
- 5. Kommunen har pr. dato ein del ledige utleigebustadar, primært Sandnes, som ein legg til grunn å nytte i første omgang. Deretter vil ein prioritere å nytte ledige kommunale utleigebustadar på Matre og Hosteland**
- 6. Rådmann får mynde til å avgjere kor i kommunen det er best mogleg å leggje til rette for mottak av flyktingar, ut i frå ei heilskapsvurdering.**